


# *Leidarsteidn*



**Årshefte 2014**  
**Bømlo Tur- og Sogelag**  
**Årgang 13**

Pris kr 100,-

## Innhold:

Forord.....	s 3
Tillitsvalde i Bømlo Tur- og Sogelag.....	s 4
Mathilde Vold Av Bertha Marie Vold.....	s 5
Då Hollywood kom til Langevåg Av Nils Henning Vespestad.....	s 9
Kraftproduksjon på Grutle Av Erling Hope / John Bjarne Grutle.....	s 16
Tanker rundt et tema Av Halldis Hjertnes Tollaksen.....	s 23
M/S "Nor" og flukta til Shetland Ved Bernt Emil Vika .....	s 27
Blotar og fortøyningsmerke langs landet Av Bernt Emil Vika.....	s 38
Daglegstove, naust og snikkarverkstad Av Einar Kallevåg.....	s 41
Litt historie om Vika Av Sverre Magnus Vestrheim.....	s 42
M/S "Bømmelfjord" Av Einar Kallevåg.....	s 47
Gammalt biletet frå Espevær.....	s 49
Frå avisarkivet.....	s 50
Baksidebilete.....	s 52

# Forord

2014 har vore eit svært godt og aktivt år for Bømlo Tur- og Sogelag. Me har hatt forholdsvis god økonomi takka vera gode bidragsytarar. Me har skifta kledning og ordna taket på Hilleborgstova. Me måtte òg skifta nesten heile reisverket og sperrene. No er huset “redda” og nymala. Det same har me gjort på Karinestova, skifta kledning, reisverk og jekka opp taket. Den òg er nymala. I tillegg har me mala Fridtun og Ådnahytta. Ein del kledning må skiftast på Fridtun til våren, m.a. bakveggen. Her blir det eit svært omfattande restaureringsarbeid. Kvernhuset på Bergeseidet er også restaurert. Hjarteleg takk til alle i restaureringsnemnda.

Me har tradisjonen tru også dette året arrangert skjærtorsdag på Berge. Her var me uheldige med veret, men likevel møtte det opp ca. 40 deltakarar.

I vår hadde me eit svært vellukka arrangement i bygdatunet med foredrag om krigsseglarar. Takk til Martin Magne Sørenes, Kin Engenes og Arvid Steinsvåg.

Turstiane har òg fått sitt årlege vedlikehald. Takk til Hillestveit skule for godt samarbeid. I år hadde me for første gang kåring av årets Åning. Den prisen gjekk til Bjørn Lønning. Den var vel fortent etter alle dei timane han har lagt ned på stien frå Lønning til Ådnahytta. Den har lagt grunnlaget for mange timer med trim for mange. Gratulerer og takk for innsatsen, Bjørn! I år vil me setja opp postkassar på dei forskjellige stiane våre og ha premie på slutten av året til dei ivrigaste. Dette kjem det meir informasjon om seinare. Dette året har me òg hatt deltakarar på skrivekurs i Stavanger, veldig bra. Det kjem Leidarsteidn sine lesarar til gode og er med på å avlasta Bernt Emil. Me har hatt folk på kurs i biletbehandling i Bergen i regi av Hordaland fylke. Seminar om slektsgransking og busetnadshistorie har me òg vore på. No i november skal me delta på eit arrangement i Etne om lokale bokprosjekt. Elles var me til Lowestoft i England og såg der dei bygde kutterar (“engelskmenn”) som det var så mange av her på Bømlo. M.a. såg me ein modell av “Willing Boys”. Det var ein svært lærerik tur.

Alt dette som er skrive her hadde me ikkje fått til utan hjelp frå sponsorar med Haugesund Sparebank som hovudbidragsytar. De som les dette heftet er òg svært viktige for oss. Leidarsteidn er ei viktig inntektskjelde for oss. Me skriv om historien vår for å ta vare på historien vår.

Tusen takk til alle som støttar arbeidet vårt. Me skal nok rydda plass til fleire på medlemslistene våre, viss de vil då.

Vil med dette ynskja alle lesarane våre, aktive og passive medlemmer ei riktig God Jul og eit Godt Nyttår!

Norvald Nyteit  
Leiar

## Vi støttar Bømlo Tur- og Sogelag



**Haugesund Sparebank**

Sentralbord: 03240

Telefaks: 52705001

[post@haugesund-sparebank.no](mailto:post@haugesund-sparebank.no)

# Tillitsvalde for Bømlo Tur- og Sogelag, valde på årsmøtet 24. april 2014

## Styret

### Faste medlemer av styret

Leiar	Norvald Nytveit, 1 år (gj.val)
Nestleiar	Bernt Emil Vika, 1 år
Kasserar	Øyvind Monsen, 1 år
Sekretær	Nancy Helen Olsen, 2 år (gj.val)
Styremedlem	Ellen Vold, 2 år (ny)
Styremedlem	Ivar Barane, 2 år (gj.val)

### Varamedl. til styret:

Signe Lønning, 1 år
Gerda Larsen, 1 år (ny)

## Arrangementsnemnd

Ivar Barane (leiar), 2 år (gj.val)
Bernt Emil Vika, 1 år
Endre Barane, 1 år
Anne Karin Pedersen, 1 år
Daliella Neper, 1 år
Torhild N. Vika, 1 år
Lene Pedersen, 2 år (ny)
Lene Tendeland, 2 år (ny)
Inger Nilsen Toft, 2 år (ny)
Anita Pedersen, 2 år (ny)

## Restaureringsnemnd

Bergehuset	Knut Hegle, 1 år
Fridtun og	John Harald Bauge, 2 år (gj.val)
Hilleborgst.	Arne Vorland, 1 år
	Helge Bunes, 2 år (ny)
	Odd Bjarne Hovland, 2 år (ny)
Karinestova	Kvernhus og Ingvar Lønning, 1 år
	Egil Lodden, 2 år
Saga	Aksel Kønig, 1 år
Ådnahytta	Arvid Samdal, 1 år
Kvernhus på	Lars Inge Vestvik, 1 år
Bergeseidet	Reinert Hovland, 1 år

## Nemnd for merking av stiar

Bertha Marie Eidesvik, 2 år (ny)
Helge Glærum, 1 år
Ellen Vold, 2 år (ny)
Willy Sørenes, 2 år (ny)

## Skriftstyre

Bernt Emil Vika, 1 år
Berge Olson, 1 år
Norvald Nytveit, 2 år (gj.val)
Lars Inge Vestvik, 2 år (gj.val)

## Valnemnd

Ivar Barane, 1 år
To medlemer frå
komitéane

## Internett

<http://www.b-ts.no>  
Mail: post@b-ts.no

## Org.nr.

985056761



# Mathilde Vold

## Av Bertha Marie Eidesvik

Mathilde Ellingsdatter Vold, f 1890 og opprinnlege frå Vikebygd, var gift med Rasmus Bertelsen Vold, f. 1881. Dei var busett på Vold, i huset som i dag er kjent som Helene og Sigurd sitt. Dei fekk ni barn: Bertha Sofie f. 1909, Bertel f. 1910, Reinert f 1913, Elling f. 1920, Malene f. 1923, Sigurd f. 1927 og Margit f. 1931.

Då barna var små, var Rasmus på fiske, medan Mathilde hadde ansvar for gardsdrift og ”stødl”. I tillegg kom ansvar for barna, som etterkvart som dei vaks til, hjelpte til med gardsarbeid og barnepass. Nordover mot Vikha hadde dei utmark der det gjekk 2-3 kyr, kalvar og 10-12 smale på beite. Jordha dei eigde kjøpte Rasmus av faren Bertel Larsen. For å komme til ”stødl” for å mjølke kyr, måtte dei gå til fots, og dagen starta tidleg.

*”Det hendte ofte at kyrne tok seg heim på egenhånd når portane ikkje var skikkeleg lukka. Då det kom bilveg, vart det laga rister i vegen, men kyrne klarte etterkvart å gå over desse, for heim skulle dei.”*

Fra Rasmus var 50 til 70 ”gjekk han” på steinarbeid. Han rodde i ein periode kvar morgen til ”mostralandet” og heim om kvelden. Det blir sagt at Rasmus var ein sterk mann. Han var og med på vegarbeid på Holme, og gjekk til fots kvar morgen for å komme seg på arbeid. I heimen var det Mathilde som bestemte. Ho hadde klare meininger om korleis det skulle vera i og rundt huset, og det vart som ho ville. Rasmus gjorde som ”han fekk beskjed om”.

*”Men Alfreden fekk ho ikkje gjere som ho ville med. Han svarte tilbake med at det er ikkje Rasmussen du har med å gjere no”*

Denne freidigheten kom til nytte meir enn ein gong. Ein gong ho gjekk på vegen nedanfor gamleskulen, vart ho plaga av ein elev. Mange av oss husker kanskje korleis det såg ut utanfor skulen på den tida? Det var eit gjerde mot vegen, og ganske høgt ned. Denne dagen fekk ho noko kasta ned på seg idet



Rasmus Bertelsen Vold.



Brudeparet Mathilde Ellingsdatter Grønnevik og Rasmus Bertelsen Vold.



Mathilde og dottera Malene, gift Pedersen.



Mathilde ilag med svigerdottera Brynhild, gift med Elling,  
og barnebarnet Anne Marit.  
Elling og familien busette seg i Dinja.

ho passerte. Då reagerte ho med å marsjere inn på ”Brakestaen” sitt kontor med budskap om at slik skulle ikkje ho ha noko av. Og slik vart det.

Ja, ho var ei bestemt dame som ikkje var redd for å sei kva ho meinte. Ho var handlekraftig og freidig, men og skildra som ”ei fantastisk god mor”. Ho var opptatt av rettferdighet og hadde eit stort samfunnsengasjement. I ein periode hadde ho og tatt på seg å fyre i ”ogn” nede i skulebygget kvar morgon før skuledagen starta. Det skulle vera varmt til barna kom.

Huset til Mathilde og Rasmus vart i utgangspunktet kjøpt og i si tid bygd på etter at sonen overtok. Det var vanleg på denne tida at fleire generasjoner budde i saman, og når Sigurd overtok huset, flytta Mathilde og Rasmus opp på ”lemen”. Utanfor huset, på ”hogen”, var det god utsikt utover vågen, og mannofolka stod ofte der og preikte.

Eldstedottera Bertha budde i nabohuset, og Mathilde og Bertha fekk barn ”om kvarandre”. Når Bertha var på veg med sitt fjerde barn, kom Margit til verda, som fortel at ho og Alice, f. 1931 og gift Pettersen, vaks opp som søstrer og venninner. Det var kort avstand mellom husa, og barnebarna var dagleg på besök. Margit fortel at ho har mange gode minner frå barndommen.

*”Johan hadde ei dukke i hendene, som han heldt ut eit av vindaugeit på loftet. Frå der eg stod såg det ut som ein baby som hang der”.*

Barnebarnet Ruth Hovland fortel at Mathilde hadde stor omsorg for andre, både i og utanfor familien. Ho vart ofte henta inn som jordmor, og det hende at ho tok i mot egne barnebarn når dei kom til verda. Margit minnast ein barndom der ”alle” kom på døra for å be om hjelp. Dette var ein del av kvardagen og barn og barnebarn var vant med at slik skulle det vera. Det var ein sjølvfølgje å hjelpa andre.

*”Kunne ho hjelpa, så gjorde ho det”.*

Ruth fortel videre at mormora ”henta heim” eit eldre par, Johan Olsen (f. 1859) og Trine, som budde i Hilleborgstova, Dei budde under vanskelege kår, og var ramma av både fattigdom og sjukdom, og det vart sagt at Mathilde synes synd på dei. På nettsidene til Bømlo Tur- og Sogelag kan ein lese at Johan og



Dette minneordet skreiv Mathilde om barnebarnet Reidar som døydde fire år gammal.

Trine busette seg i Hilleborgstova i 1920-åra. Trine var bondejente frå Valdres, medan Johan var rallar og hadde m.a. arbeidd på Bergensbana. Trine hadde ein son som var ”reisende”, og som stundom og budde i Hilleborgstova. Dei flytta inn til Mathilde, og ho tok seg av dei som sine egne. Ja, det var ein sjølvfølgje å hjelpa, sjølv om plassen var trong og det var mange rundt matbordet.

”Trine og Johan røkte pipe. Det var vanskeleg å få tak i tobakk i ”dei dagar”. Mathilde tørka på lauv som ho rulla tobakken i og gav til Trine, med beskjed om at dette er skikkelig god røyk”

Mathilde og Rasmus opplevde å miste fleire av barnebarna sine grunna sjukdom. Mathilde har skreve minneord i diktform til fleire av desse, bl.a. Rolf Bjarne og Reinert, begge søner av Bertha og Alfred Vold, og Reidar Viestad, son av Margit og Magne Viestad. Rolf Bjarne, døydde 11 år gammal i skulegarden. Reinert, bror til Rolf Bjarne, døydde 22 år gammal. Han falt om på veg til Sollia for å ta i mot båten Bømmeløy. Reidar var berre 4 år gammal då han døydde. I tidlegare år opplevde dei å miste eit eige barn. Det same året som Margit vart fødd, døydde sonen Reinert ved ”Brislings’s” forlis.

”Reinert omkom på sjøen då eg nett var fødd. Han kom ut på kjøkkenet til meg og mamma før han reiste på islandsfiske.” Ho kjem til å vera stor littlejenta når eg kjem heim att”, sa han før han gjekk. Han kom aldri heim igjen.”

Ruth fortel at det var tungt for familien å oppleve sjukdom og mange tap.

”Det var ofte Bernt som vart sendt med dødsbodskapen. Eg kunne sjå det på ansiktet hans når han kom bortover vegen min.”

Mathilde døydde i 1964, 74 år gammal. Rasmus var på denne tida därleg til beins og flytta til dottera Malene, som budde nede ved sjøen. I dag er dette huset ombygd og eigd av eit oldebarn av Mathilde og Rasmus. Rasmus døydde i 1979.

I ettertid slår det meg kor lite eg visste frå før om Mathilde og Rasmus. Sjølv om ho døydde 11 år før eg vart fødd, var ho likevel mi oldemor. Men når ingen spør, er det ikkje mange som fortel, og slik kan gode kvardagshistorier gå i gløyme boka. Kanskje me alle kan bli flinkare til å få generasjonane over oss til å fortelje meir frå sin livshistorie?

Rasmus og Mathilde Vold



Fem av Mathilde og Rasmus sine barn.  
Øverst f.v. Bertel Vold, Reinert Vold,  
Elling Vold, Bertha Vold og Malene  
Vold



Bak frå venstre: Mathilde Vold, Bertha Vold, Alfred Vold, Arne Vold, gøymd bak Arne står Gurine Dagsland, Malene Pedersen, bak henne Arthur Pettersen, Bjørg Fagervik, Alice Pettersen og Elling Vold med armane rundt Per Arne Pettersen.

Framme frå venstre: Berit Strand, Ruth Hovland med dottera Audhild, Johan Vold med Ragnar Hovland på fanget, Einar Pedersen og Bernt Vold.  
Biletet er frå september 1959 og tatt under Arne sin konfirmasjon.  
Foto frå Arne Vold

Andre foto frå Martin Vold



# Då Hollywood kom til Langevåg

Av Nils Henning Vespestad

**Det var like etter nyttår i 1983. Kåre Willoch var statsminister i Norge, Ronald Reagan president i USA, ungdommen leste «Adrian Moles hemmelige dagbok» medan dei nynna til «You're in the Army Now», Labbetuss var i Barne-TV – og kinoen kom til søre Bømlo.**


Stemninga var nok litt spent inne i dei gamle klasseromma som var slått saman til storsal i hovudhøga på gamle Hillestveit skule. Folk hadde tatt plass på dei grøne plaststolane, som var plassert i rekkrer på golvet framom den kvite kortveggen. Vindaugo var forsøkt blenda, og bak folkemengda stod ein maskin som fleire inntil no berre hadde høyrt om. Snart vart taklyset slått av, og ei skarp lysstråle skar gjennom rommet frå maskinen med den karakteristiske lyden. Eit flimrande bilet fylte den kvite veggen. Ei ny epoke hadde starta i bygda. Eller som Bømlo-nytt skreiv to dagar seinare: «Mandag kveld vart det skrive historie på sør Bømlo. Det var då nemleg kinoframsyning der for første gong».

## Konkurranse med «mandagsfilmen»

Det hadde vore vist levande bilete i bygda også tidlegare, men dette var noko anna enn ein bedehusbasar med film frå misjonsmarka. Og som alle andre stader, stod det to filmar på kjøreplanen: Ein for barn og ein for vaksne. Om lag 80 personar fann vegen til den første kinoframsyninga i regi av Statens Filmsentral på sør Bømlo. Dette var den norske drama- og familiefilmen «Solvemann» frå 1981, med Jon Skolmen og Kine Hellebust i to av hovudrollene. På Wikipedia vert filmen omtala som «en gjennomført barneskildring om det å vokse opp som skilsmissebarn – og problemene som oppstår da far finner en ny kjæreste».

Barna i bygda møtte mannsterke fram for å sjå filmen, skal ein tru lokalavisa. Mange hadde sikkert foreldre med seg, og tru om ikkje nokon av dei vaksne vart igjen for å sjå neste film på plakaten? Om lag 40

løyste billett til «Metor», som ifølgje Bømlo-nytt var ein amerikansk film med 16 års aldersgrense. Filmtittelen gir ingen treff på Google 31 år seinare. Det kan sjølv sagt dreia seg om ein gløymt filmgodbit, men det kan også vere ein skrivefeil i lokalavisa, slik at det eigentleg dreier seg om den amerikanske sciencefiction- og katastrofefilmen «Meteor». Denne hadde premiere på seinhausten i 1979. Til tross for store skodespelarar som Jean Connery og Natalie Wood i hovudrollene, floppa filmen heime i USA.



*Drama- og familiefilmen «Solvemann» var den første filmen Norsk Filmsentral viste på Langevåg grendabus. Dette er den originale filmpakten frå 1981.*

*Foto: Nasjonabiblioteket/Filmparken AS*

Det lave billettsalet på Langevåg kan skyldas både dårlig rykte og ein annan faktor – «mandagsfilmen» på NRK. «No er mandagskveld ein heller dårlig kinokveld, med film på TV. Men då det er Statens Filmsentral som skal stå for filmframstillingane, vert det lagt opp etter deira reiserute», skriv Bømlo-nytt onsdag 19. januar 1983. Lokalavisa slår elles fast at salen i gamleskulen høver godt til kinoframstillingar, med plass til inntil 120 personar. Vidare vert det opplyst at totalt åtte kinokveldar var planlagt dette året.

### **Lang kamp for kino**

Statens Filmsentral vart etablert i 1948, saman med mellom anna Norsk Bygdekino og Riksteatret. Frå 1969 gjekk Norsk Bygdekino inn i Statens Filmsentral, og frå no av nytta ein kun sistnemnte namn. Dette er forløparen til det som i dag enkelt og greit heiter Bygdekinoen. «Kulturen ut til folket» var eit slagord som vart nytta om institusjonane frå starten av, og seinare også om Rikskonsertane og Riksgalleriet. Oppbygginga av Bygdekinoen utover på 50-talet, handla om noko meir enn ein ambulerande kinoteneste, heiter det i boka «Film på vei. Bygdekinoen gjennom femti år» fra 2000. «Det handlar om et stykke etterkrigshistorie og gjenoppbygging av landet. Om politisk vilje til å ta et kulturelt løft i en tid da landet knapt hadde råd til murstein».

Bygdefolket på Langevåg hadde i mange år arbeidd for å få Statens Filmsentral til å visa film i bygda, slik som på ungdomshuset Solvang på Moster. Det er vanskeleg å seie eksakt kor lenge, men dei to kinoframstillingane denne mandagskvelden i januar 1983 er resultatet av iallfall ti års kamp. Einar Vorland og John Kristian Eidesvik, to av eldsjelene bak Bømlo Skyttarlag, byrja allereie seint på 1960-talet å snakka om å få kino til bygda. I 1971 flytta Einar heim etter fleire år i Haugesund og Bergen, og

han fortel at dei to raskt tok opp igjen tråden.

–Me vurderte såpass tidleg som i 1972-73 å henta inn utstyr sjølv, for å visa film i leide lokale. Og då var det gymsalen på skulen det var snakk om. Men det kom jo ikkje på tale. Det vart enklare då grendahuslaget seinare overtok gamleskulen, og fekk råderett over eige lokale, minnast Vorland.

Det var fast kinodrift både på Rubbestadneset og



*Jon Skolmen hadde den mannlige hovudrolla i filmen «Sølvmann», medan Tobias Asphaug spela rolla som ni år gamle Fredrik.*

*Foto: Nasjonalbiblioteket/Filmparken AS*



*Langevåg grendahus var fleirbruksbygningen i bygda gjennom heile 1980-talet. Norsk Filmsentral, seinare Bygdekinoen, viste film her fra 1983 til 1989. Scenetilbygget til høyre vart reist i løpet av denne perioden.*

*Foto: Nils Henning Vespestad*

på Skyttarhuset eller Heimevernhuset på Svortland. Ja, sistnemnde hadde til og med vore base for norgespremieren på den halvdokumentariske filmen «Shetlandsgjengen» i 1954. Premieren lokka fram både latter og tårer, ifølge «Film på vei. Bygdekinoen gjennom femti år». Etter filmen framførte musikklaget på Bremnes «Fagert er landet», før publikum avslutta med «Gud signe vårt dyre fedreland». For øvrig vart filmane på Skyttarhuset sensurert av lokale folk, i tillegg til Staten sine eigen sensorar, skriv Kristine Sele i boka «Driftige folk i vakker natur». «Dette vart det etter kvart heftige debattar om, og i ettertid er det blitt klart at ekstrakontrollen av filmar på Bremnes den gongen var på kanten av det lovlege», heiter det her.

Iallfall: Vorland hadde opp gjennom 60-talet sett korleis kinodrifta gjekk føre seg i kommunenesenteret, og dessutan undersøkt kva for utstyr ein nyttja. Vel heime igjen etter fleire år med byliv og langt større kinosalar, ivra han for å få til ei kinoløsing i heimbygda: – Me hadde jo lyst til å få kinodrift her sør. På denne tida fantes berre NRK, som ikkje sendte film kvar kveld. Difor var me i dialog med eit Oslo-firma, for å sjå om det var mogleg å kjøpa inn utstyr. Men det var ikkje mogleg å finna eit passande lokale. Og dessutan skulle det vera ein viss publikumstilstrøyming for å kunne driva kino. Så me la vekk planane.

### **Skalka alle luker**

Gymnastikksalen på Hillestveit barne- og ungdomsskule var bygd med tanke på kinoframsyningar. På bakveggen var det luker til å visa film gjennom, og kinomaskinisten og utstyret hans var tenkt plassert i rommet bak desse lukene. Slik gjekk det ikkje. Lukene vart i staden bolta igjen, slik dei framleis er. Utlånsreglane for skulehus i Bømlo hadde nemleg eit forbod mot utlån til dans og offentleg kinoframsyning.

Dei som ivra for kino i bygda, gav seg likevel ikkje. I mars 1979 skreiv Haugesunds Avis at det gjekk i retning ein ny kinodebatt i Bømlo skulestyre. Bakgrunnen var at styret i AL Langevåg Grendahus hadde sendt inn ein ny søknad om å få leiga gymnastikksalen til kinobruk to gonger i månaden. «Tilsvarande søknad har vorte avslege av skulestyret mange gonger tidlegare», heiter det. Førre søknad vart avslått med eit knapt fleirtal i skulestyret. Formannskapet hadde med fem mot tre røyster – frå Kristeleg Folkeparti – gått inn for at skulen burde kunne nyttast til kinobruk. Men det var altså opp til



*Gymnastikksalen på Hillestveit barne- og ungdomsskule vart bygd for kinoframsyningar, men kommunen sine utlånsreglar gjorde dette umogleg i praksis. Lukene vart skalka for godt.*

*Foto: B E Vika*

skulestyret å ta den endelege avgjerda. «I søknaden frå grendahuslaget heiter det at filmsentralen er kjend for å visa kvalitetsfilmar for born og ungdom», skriv Haugesunds Avis.

Eit halvt år seinare skriv avisas nok ein gong om sak. No går det fram at to nye søknader til skulestyret er avslått – utan å ha vorte handsama i skulestyret i det heile tatt. Skulesjefen og formannen i skulestyret hadde saman avvist søknaden, og vist til at utlånsreglane har eit forbod mot kinobruk. «Eg tykkjer det er merkeleg at vi ikkje kan få ein søknad som er sendt til skulestyret, handsama i skulestyret», kommenterte formann Gustav Onarheim i grendahuslaget. «Dersom det vert gjeve grønt lys for at grendahuslaget får kjøpa gammeskulen på søre Bømlo til grendahus, så vil vi der få eige kinolokale. Eit leidgetilhøve i skulen sin gymnastikksal vi i så fall difor berre verta mellombels», poengterte han.

### **Populært, men konfliktfylt**

I januar 1983 var grendahuset for lengst overdratt til grendahuslaget. Dermed starta ei ny epoke i bygda, som omsider kunne skryta av eigen kino. – Då me starta opp, var bygdekinoen eit veldig populært tiltak. Det kom også folk nordante, og me hadde smekkfullt hus fleire gonger, fortel Svanhild Vespestad, som var med i styret i grendahuslaget det meste av perioden då

kinodrifta eksisterte.

– Eg hugsar at me måtte ha blendingsgardiner føre vindauge. Det hadde me ikkje råd til, så me fekk tak i noko tjukk, svart plast. Me spikra på lekter opp og nede, og nyttar desse heile tida mens det var kinoframsyningar i grennahuset.

Otto Børslien frå Fana ved Bergen var Statens Filmsentral sin mann i vår region på denne tida. Børslien døydde i 2006, men sambuar og kollega gjennom mange år, Eli Aaseim, er nesten heilt sikker på at det var nettopp han som viste dei første filmane på Langevåg grennahus. – Det trur eg nok, ja. Han byrja i jobben i 1953, og haldt på til han vart pensjonist i 1993. Då tok eg over, fram til eg gjekk av i 2011, fortel Aasheim om eiga karriere på hjul for å visa film i bygdene på Vestlandet. Ho fortel at Børslien, både åleine og i lag med sin betre halvdel, var ein god del i Bømlo, Etne, Ølen og distriktet rundt. Eksakte årstal er det litt vanskeleg å hugsa så mange år etter, og Aasheim erkjenner at ho ikkje har nokon konkrete minne frå grennahuset på søre Bømlo. Men ho har sterke minne frå Moster og andre bygder der kristendommen hadde eit ekstra sterkt fotfeste, og der det kunne vera kontroversielt å komma med amerikanske filmar i bagasjen: – Det var veldig mange bedehus der nede, og mykje kritikk av at det skulle vera kino der og der. Det var mykje fram og tilbake om kva for filmar ein kunne visa, og om den og den var for rå, smiler ho i dag. – Det var ikkje alltid berre-berre. Me måtte jo gjera jobben vår, sjølv om et ikkje alltid var så greit. Eg hugsar at me kunne få beskjed om å ta ferja heim igjen før me rakk å visa filmen.

Både Einar Vorland og Svanhild Vespestad fortel at heller ikkje alle på søre Bømlo var like begeistra for det nye tilbodet som etter kvart kom til bygda. Vorland fortel om mykje motstand mot filmframstilling i gymsalen, også frå andre enn skulestyret. Også dei første forsiktige planane, mange år tidlegare, fall i därleg jord hos delar av bygdefolket: – Det var jo ikkje spesielt populært, konstaterer Vorland. – Me hadde



Otto Børslien var i ei årrekke omreisande kinomaskinist over store delar av Vestlandet, mellom anna på Bømlo. Her på vegne i 1990, nokre år etter at han viste sin siste film på Langevåg.

Foto: Bygdekinoen/«Film på vei. Bygdekinoen gjennom femti år»

ein turbulent periode utover på 1980-talet. Ikkje alle var samde i at det skulle visast film på grennahuset, og me hadde mange mot oss. Men me fekk det då til, og dreiv det etter beste evne, supplerer Vespestad.

Kuriøst nok må det nemnast at det i spesielle tilfelle vart vist film på bedehus, også lokalt. Til dømes vart filmen «Shetlandsgjengen» vist på bedehuset på Espevær i 1954. Episoden er omtala på denne måten i «Film på vei. Bygdekinoen gjennom femti år»: «Hjalmar Lippesstad husker at det eneste stedet det gikk an å henge opp lerretet, var foran en Kristusfigur. Gjennom hele filmen, særleg i de lyse partiene, så man Kristus hengende på korset i bakgrunnen. – Et sted i filmen hvor Shetlands-Larsen bannet, snudde hele salen seg og så på meg, forteller Lippesstad».

### Mannen med kufferten

Utover på 1980-talet tok Ulrik Bull-Tornøe frå Skånevik meir og meir over som kinomaskinist i sunnhordlandsregionen. Han hadde vore fast vikar i Norsk Bygdekino og seinare Statens Filmsentral sidan 1957, og kjørte mellom anna ein del for Otto Børslien. Bull-Tornøe vitja Langevåg ei rekke gonger medan grennahuset sto på lista over framstillingsstader, og har først og fremst positive minne frå bygda. – Eg vart godt motteken. Eg fekk også overnatta, for eg skulle



Deler av staben i Bygdekinoen i 1996. Ståande bak frå venstre: Bengt Gaptjern, Torstein Larsen, Jon Arne Husebø, Sigmund Salbu, Bjarne Johannessen, Kjell Wehus, Tor Nakken, Jan Ove Brøndbo, Jan Haugen og Roar Bakke. Sitjande frå venstre: Halvar Granberg, Ulrik Bull-Tornøe, Eivor Einarsen, Rune Ellingsen, Bjarne Myrslett, Morten Gudbrandsen, Eli Aasheim og Hjalmar Lippstad.

Foto: «Film på vei. Bygdekinoen gjennom femti år»

gerne vidare til Haugesund- og Stavanger-kanten. Folket på Bømlo var veldig imotekommende, seier han om sine år på vegen. Han hugsar godt Langevåg grændahus. – Det var jo eit gammalt skulehus, dette, der ein vegg var teken ned og to klasserom sett saman til ein sal. Så me hadde veldig stort biletet nettopp her. Eg hugsar at eg viste «Veiviseren», som var veldig populær. Det kom ein masse folk, og det var eit stort og flott biletet som dekka heile kortveggen, smiler han. Jo lengre sal, jo lengre bak kunne ein plassera kinoframvisaren, og jo større vart biletet. Det hjelpte også på at ein ikkje hadde filmlerret på Langevåg, men viste rett på den kvitmåla veggen.

Bull-Tornøe fortel at dei omreisande maskinistane alltid hadde lokale hjelparar der dei kom. Vedkommande låste opp døra, hjelpte til med å få inn det tunge kinoutstyret – ein spelefilm på rull vog gjerne 35 kilo, hjelpte til med billettsalet og rydda opp etterpå. Medhjelparen tok også imot husleiga på vegne av grændahuslaget. Leiga var 20 prosent av billettomsetnaden, som ifølgje dokumentamslinga etter grændahuslaget eksempelvis utgjorde eksakt 178 kroner for framsyninga 12. juni 1987.

Bull-Tornøe hadde dessutan ei lita ekstrainntekt. Mange minnast nok den oppslådde, svære kofferten med snop, som utgjorde kinokiosken på grændahuset

i hans tid: – Då hugsar du meg! Eg dreiv kro i Skånevik, og tok litt varer med meg. Eg fekk mor mi til å stå på kroa, og så tok eg turen som ein ferie, med snop i kofferten. Det var populært, det, og det forsvann nok mykje utan at det vart betalt for det, også, mimrar han.

### Nedgangstid og video

Dette var lenge før både internett, streamingtenester og smartefonar. Men kinoen kom til søre Bømlo i ein periode der det faktisk skjedde store ting på mediefronten. Videoen, eller VHS-en, var kumen til Norge – også Bømlo. I 1983 var det allereie 300.000 videospelarar i norske heimar, ifølgje boka «Film på vei. Bygdekinoen gjennom femti år». Tidleg på 1960-talet såg kinobransjen, både

Norsk Bygdekino og dei faste kinoane rundt i landet, på fjernsynet som ein enorm trussel. No vart ein utfordra endå sterkare. Frå 1980 til 1986 fall det samla kinobesøket i Norge med over fem millionar selte billettar. «Bydekinoen var inne i en lang bølgedal på slutten av 70- og utover på 80-tallet», heiter det i den same jubileumsboka.

Statens Filmsentral opplevde ein stor publikumssvikt over fleire år. Kinodrifta vart sett på som eit veksande pengesluk, og mange visningsstader vart kutta ut. I 1983, få månader etter første visning på søre Bømlo, vart det sett ned eit utval som skulle jobba med å rasjonalisera drifta. Framleggjett deira gjekk mellom anna på å leggja om alle rutene til 16 millimeter-film, noko som ikkje vart realisert. Også utvalet av filmar vart gradvis endra i denne nedgangsperioden, i eit forsøk på å få opp besøkstala. No skjedde det ei kommersiell dreiling. Mens drifta starta som folkeopplysning, kunne ein no nytt begrepet underhaldning om mykje av det som sto på kjøreplanen. Det var ikkje lengre langt mellom Hollywood-filmane.

Med lokale augo er det interessant å sjå at kinodrifta på søre Bømlo vaks fram i ei tid der svært mange andre småsamfunn mista tilboden sitt om bygdekino.



Lokale hjelparar måtte tro til då kinomaskinisten kom til bygda. Hjelparen sytte for at lokalet var klart til visning, fungerte som kinovakt, og kvitterte etterpå for at husleiga vart betalt.

Kinoen i grendahuset overlevde også eit dramatisk storkutt i 1988: Etter at det totale billettesalet falt frå 170.000 i 1987 til 140.000 i 1988, vart antalet visningsstader redusert med 40 – frå 334 til 294.

Kinoen på Langevåg levde vidare, til glede både for bygdefolket og lokalpolitikarane i Bømlo kommune: «Bømlo kulturstyre tykkjer det er svært positivt at Statens Filmsentral ønskjer å halda fram med kinoframsyningar i Langevåg Grendahus på Søre Bømlo. Denne "bygdekinoen" er eit fint supplement til dei andre kulturtildoma i denne krinsen», heiter det i eit vedtak i kulturstyret i mai 1988. Eit samrøystes styre gav løyve til at det kunne visas film på grendahuset ut det same året.

### På topp i 1987

Kinodrifta i grendahuset ser ut til å ha eksistert i nesten sju år, men det er ein del uvisse knyta til dette. Det har ikkje vore mogleg å finna dokumentasjon for heile denne perioden. Ifølge Bømlo-nytt fann altså den første framsyninga stad 17. januar 1983, mens den neste av totalt åtte kinokveldar allereie då var planlagt til mandag 14. februar. Pussig nok finn ein ingenting om kinodrift i 1983-rekneskapet til AL Langevåg Grendahus. Først 26. september 1984 er Statens Filmsentral nemnd i rekneskapsboka, med eit innskot på 111,80 kroner. Statens Filmsentral betalte som tidlegare omtala husleige ut frå antalet selte billettar. Resten av året er det ført opp ytterlegare tre innskot frå Statens Filmsentral. Totalt er det dokumentert inntekter på 785,40 kroner i løpet av 1984, og ingen det føregåande året.

I 1985-rekneskapet er inntekter frå kino oppført til saman åtte gonger, med samla dokumenterte inntekter på 1483,60 kroner. Best vitjing ser det ut til å ha vore i januar, medan den siste av dei to (!) kinokveldane i mars, samt oktoberfilmane, trakk minst publikum.

Ut frå rekneskapsboka, ser det ut til at det var eit stort opphold i framsyningane frå i slutten av april til litt ut i september 1985. Det som ser ut som ein lang sommarferie, kan også skyldast stikkordbruken i rekneskapsboka: Som for fleire seinare år, må ein ta høgde for at ein kan ha nytta andre stikkord enn «kino» eller «Statens Filmsentral», slik at ein måtte ha sjekka kvart einskilt bilag for å finna den eksakte totalsummen. Det er ikkje gjort.

I allfall: I 1986 finn ein «Kino» oppført 14 gonger på inntektssida. Totalt dreier det seg om dokumenterte kinoinntekter på 3831 kroner. Best vitjing ser det ut til å ha vore tidleg på hausten. På landsbasis var det filmane «Rocky IV» og «Rambo» (eigentleg «Rambo: First Blood Part II») som var mest sett i regi av Statens Filmsentral dette året, ifølge «Film på vei. Bygdekinoen gjennom femti år». Også ungdommen på Langevåg fekk møta muskelbunten Sylvester Stallone i storsalen på grendahuset.

I 1987 var det 15 kinokveldar, heiter det i årsmeldinga frå styret. Rekneskapet viser på sin side at talet var 16, med samla inntekter på 5372 kroner. Framsyingane 25. mai 1987 sørga åleine for 960 kroner inn på bankkontoen til grendahuslaget – den største, dokumenterte einskiltsummen nokon gong. Årsmøtet budsjetterte samstundes med totalt sju kinokveldar og 4000 kroner i inntekter i 1988 – året då «Crocodile Dundee II», «Dirty Dancing» og «Veiviseren» var dei største suksessane i regi av det som no enkelt og greit heitte Bygdekinoen. Det er i ettertid vanskeleg å dokumentera kor mange visningar det faktisk var på grendahuset i 1988: Dette året er det langt færre kinooppføringar enn åra før, og med ei samla inntekt på kun 1247 kroner. Derimot er det ei rekke oppføringar under samleposten «Kino, husaleiga, diskotek», og det er naturleg å tru at fleire av desse gjeld kino. Det same finn ein i rekneskapet for 1989: På førehand

budsjetterte styret med 3600 kroner i kinoinntekter dette året, medan rekneskapet viser at summen vart 1229 kroner. Kun fem gonger er «Kino» oppført under inntektsposten, og desse utgjer samla ein sum på 783 kroner. Mindre enn det årsrekneskapet syner, altså. Siste framsyning ser ut til å ha vore 20. november 1989.

### Ny scene på grendahuset

I løpet av desse åra vart grendahuset restaurert og utbygd. Eit tilbygg vart reist i den vestre enden, og her vart det ny scene og eit bakrom – backstage, om ein vil. Grendahuset fekk også nye toalett og ein betre garderobe. «Huset er gammalt, og oppussinga trongst», konstaterte nestformann Ove Aga i AL Langevåg Grendahus i eit intervju med Bømo-nytt i mars 1987.

Arbeidet pågjekk over fleire år, og vart ifølge fleire årsmeldingar ein god del dyrare enn forventa. Svanhild Vespestad, som no var kasserar, seier dette om utbygginga og den vidare kinodrifta: – Me dreiv ikkje huset i mange år før me sette i gong med å restaurera det. Og me måtte ha inntekter, så derfor ville me ha kinodrift som eit tilbod til bygdefolket. Det var lenge eit populært tiltak, men så dabba det av. Og då låg det ikkje så store pengar i kinoen. Eg trur rett og slett me slutta det av då me hadde fått den nye scenen.

Det vart riktig nok nokre visningar også i den nye storsalen. Men så gjekk det som Svanhild Vespestad minnast: Bygdekinoen takka for seg, og forlot bygda for ein lang periode. Neste framsyning fann stad drygt 15 år seinare, i januar 2005 – på same tomt, men i ei heilt ny tid.

### Ny giv med Bygdatunet

I dag er framsyningane i Langevåg Bygdatun, som sto ferdig i januar 2005. – Kinoen er ikkje ein sentral del av drifta vår, men det er ein del av utgiftsbiletet vårt. Drifta har aldri gått i pluss, seier Frode Urangsæter, dagleg leiar ved Langevåg Bygdatun.

Drifta går føre seg omlag på same måte som på 1980-talet: Kinomaskinisten kjem i bil, med utstyret baki, og får lokal hjelp til billettsalet og å bera inn og ut utstyr. Ein stor skilnad er det likevel: Filmene veg ikkje lenger 35 kilo. Digitaliseringa av Bygdekinoen har også resultert i langt betre bilet. I dag får dessutan Bygdekinoen betalt ein minstepris per

framsyning, uansett kor mange som løyser billett. Bygdekinoen er på Langevåg anna kvar søndag, med unntak av i sommarferien. Besøkstalet varierer veldig: – Det har alt å seie kva film som står på plakaten. Nokre gonger er det full sal, andre gonger er det ingen eller kanskje ein i salen. Det finnes ingen overordna fasit, seier Urangsæter.

Første kinoframsyning på Bygdatunet fann stad 23. januar 2005. 200 billettar vart selte til barnefilmen «To brødre», og 150 til den påfølgjande vaksenfilmen «Man on Fire». Totalt 350 billettar, altså. I februar haldt interessa seg nesten like godt, men allereie i mars var ein nede i 33 selte billettar til barnefilmen, og 23 til vaksenfilmen etterpå. Så har besøkstalet gått litt i bølgjer, eller kanskje helst stadig meir forsiktige dønningar: Rekorden frå opningsdagen ser ut til å bli ståande, og publikum har hatt god plass i salen. Til dømes vart det selt kun éin billett til filmen «Svein og Rotta» 14. mai 2006.

### Underhaldning i lomma

Til samanlikning var det altså selt 80 billettar til den første barnefilmen på grendahuset i 1983. «Slett ikkje så svært mange», oppsummerte Bømlo-nytt. Frode Urangsæter er slett ikkje samd med den konkusjonen. – 80 personar er eit bra tal ut frå dagens bilete. Framleis er det barnefilmar som trekkjer mest folk, med mindre det er ein film som famnar veldig breitt. Sånn som «Kon-Tiki» og den typen filmar, som lokkar hit vaksenpublikummet. Filmar som kun appellerer til ungdom, drar ikkje så stort publikum, seier han. 114 løyste billett til «Kon-Tiki» på Bygdatunet i august 2012, noko som er eit svært bra tal i lokal målestokk.

Også 40 betalande på den første vaksenfilmen i 1983, er eit brukande tal sett med dagens augo: – Det er ikkje kvar gong me sel så mange billettar, nei. Eg har tenkt litt på det, at i dag er det så mange kanalar å velga i. Med smarttelefonar og slikt går du med underhaldning i neven og lomma heile tida. Folk er blitt litt overstimulerte. Nei, det var ein litt annan kvardag på 1980-talet, smiler Frode Urangsæter.

PS: 20. januar 2013, altså nesten på dagen 30 år etter den første kinoframsyninga i bygda, viste Bygdekinoen filmen «Jack Reacher» på Langevåg Bygdatun. Åtte personar løyste billett.

# Kraftproduksjon på Grutle

Rundtom i landet, også her på Bømlo, vart det i første halvdel av forrige århundre sett opp små kraftverk med sikte på å skaffa straum til husa i nærliken. I elva som renn frå Grutlevatnet og ut i sjøen var det eit slikt kraftverk. Verket og er no borte, berre stemma og fundamentet står att. Etter som den nye vegen over Bømlo skal gå rett over det som no er igjen av kraftverket, er det grunn til å tru at alle restar snart er borte. Frå to personar som begge vaks opp på Grutle, Erling Hope og John Bjarne Grutle, har redaksjonen i Leidarsteidn mottatt tekstar med minnestoff om dette kraftverket. Vi har gleda av å presentera tekstane deira her.

## Lysverket på Grutle

Av Erling Hope

I 1926 kom ein nordlending og busette seg på Grutle. Han kom saman med kona Anna Margrete Jensdatter Nesse f. 1877 og barna Edvin Martin f. 1904, Jens Ingvald f. 1906 (døydde ung), Olav Bernhard f. 1908, Jens, f. 1915 og Ruth f. 1918. Denne karen heitte Edvard Johan Olsen Øksnes, Brønøy og var f. i 1881. Han var utdanna kystlos. Det var ein veldig kreativ og oppfinnsam fyr, som kunne meir enn å losa båtar trygt i hamn, skulle det visa seg.

Det var eigentleg barna hans som først kjøpte denne jorda som på folkemunne gjekk for ”Jensajorda”, og Edvard skulle驱va den til dei var blitt vaksne og kunne驱va den sjølv (gnr. 141 bnr. 12).

I 1937 kjøpte Edvard bruket då ingen av barna ville驱va det. I mellomtida var kona hans død (i 1931). Han gifte seg ein del år seinare med Signe Josefa Pauluda Kristiansen frå Bodin f. 1905. Han fekk dyrka ei stor myr nord for bruket som seinare fekk namnet ”Øksnesmyra”. Han bygde løypestreng frå ”Øyro” og opp til ”Tuo”. Det var bratt og veglaust frå sjøen og opp til garden, så no kunne han få fisk og varer litt lettare heim.

Men det var ein ting han Edvard alltid hadde i tankane enten han var heima og stelte med garden eller var ute og loste båtar - ”Elektrisitetsverk”. Eg kan ikkje stadfesta nøyaktig kva tid han byrja å byggja på lysverket, men det var nokre år før krigen i 1940. Sjølv verket hadde han kjøpt, og det låg lagra på eit naust nede ved Grutlefjorden. Løypestrengen som han hadde bruk til å frakta varer opp frå sjøen med vart demontert og montert opp att ved Fanakleivo

og ned til vatnet. Denne brukte han til å frakta sand, sement og elles alt som skulle til av materialar og utstyr.

Edvard hadde ein nordlending til dreng og han styrte denne løypestrengen. Og ein dag gjekk eitt eller anna skikkeleg gale. Og så var det ei herma etter denne karen. ”Æ hørre svelukta” skal han ha sagt.

Det måtte byggjast ei solid stemn for å demma opp Grutlevatnet, og det var lokale karer frå bygda som var satt til å arbeida, pluss ein ingeniør til å leia arbeidet. Dei grov med handemakt, det var ikkje snakk om maskinar i dei dagar. Dei måtte grava heilt ned til berget, men før dei kom så langt, møtte dei på noko sand som var fullt med gullkorn. Dei lurte på om dette verkeleg var gull. Gamle Martin Hestenes gjekk heim og henta bror sin Steffen, som var heime frå Amerika. Steffen såg ei stund på sanden, og alle var spente. Så seier han: ”Ingen gull Martin, ingen gull”.




Edvard Johan Olsen Øksnes  
Foto frå Anne Grethe Lauknes



Forutan sjølve stemna vart det støypt eit firkanta kammer i forkant av stemna. I forkanten av kammeret var det eit firkanta hol, som det seinare vart plassert ei luka i som kunne hevast og senkast for å få vatn inn i kammeret, eller stenge vatnet ute. Inne i kammeret vart det deretter laga ei rist som skulle hindra rusk og rask å komma i turbinen, og ikkje minst år når den var på si gytteferd. Det var ein av desse som var med og støypte stemna som undra seg litt på cementblandinga. Då svara ingeniøren: "Denne stemna skal stå til evig tid".



Så var det å støypa fundament og golv, og få bygd huset som verket skulle stå i. Røyrgata frå stemna og ned i verket var laga av prefabrikert plank som var innsett med kreosot. Ein sette saman røyret nett som ein set sammen ei tønne, med kraftige strammeband rundt.



Til slutt vart sjølve verket montert. Det bestod av ein store stoppekran, turbin, aksling, generator og 2-3 bærelager. På akslingen var det montert eit stort svinghjul og ei reimskive. Så var der reimoverføring til ein centrifugalregulator som sørget for stødig omdreiningstal på verket. På toppen av denne regulatoren hang der nokre lodd som heiv seg ut ved omdreining. Og der var stagforbindelse mellom desse loddene og vanntilførselen inn til skovlene i turbinen. Dette virka då slik: Dersom verket fekk stor belastning på generatoren, så sakka verket farten. Då seig desse loddene ned og opna for meir vatn inn til skovlene på turbinen. Men gjekk verket mest utan belastning auka hastigheten og loddene heiv seg ut og strupte for vatnet til turbinen.

Det var eit flott lysverk med ein kapasitet på 9kw likestraum.

*Tre bilete av stemma slik ho ser ut i dag.*

*Foto: B E Vika*

I første omgang vart det bygd linjer ned til Hope og Joakim Barane. På Grutle-sida vart det bygd linje til Martin Grutle. Då var visst pengesekken til han godeste Edvard slutt, og dei sør i Hestaneset fekk bygd linje på dugnad og med elektrikarar frå Stavanger først i 1942 - 43.

Edvar Øksnes var som nemnt tidlegare los, og under krigen var tyskarane etter han og ville at han skulle losa for dei. Derfor måtte han komme seg vekk. Han tok då den unge kona si med seg for å koma seg over til England. "Blia" som han gjekk om bord i forliste som kjent 11. november 1941 og begge omkom saman med fleire andre. Tilsaman 43 personer miste livet i forliset.


Eg set med eit minne eg har etter Edvard Øksnes som eg har lyst å fortelje. Me var ein del smågutar som dreiv og leika oppe på stemna oppfor kraftverket. Då kom me til å sleppa ned luka som var i forkant av kammeret. Den sette seg straks heilt fast, og kraftverket stansa. Me vart så redde, me trudde me hadde øydelagt verket og bestemte oss for å gå til Edvard og seia kva me hadde gjort. Me rekna med å få kjeft. Dette var ein søndag ettermiddag, og han låg sikkert og kvilte middag då me banka på. Me fortalte kva me hadde gjort. Nei dette gjorde ingen ting, seier han, han skulle fiksa dette, og me hadde ikkje øydelagt kraftverket hans. I staden for kjeft fekk me ros for at me kom og sa kva me hadde gjort. Ja Edvard var ein snill og godmodige mann.

Etter at han var borte, brukte me verket under heile krigen. Me lada opp mange akkumulatorar til folk som hadde radio under krigen, og det hende det sto 8 – 10 stk. om gongen til lading .

Den dagen jeg kom til Bømlo ble flaggene heist til topps i bygda og mine foreldre holdt selskap med slekt og venner av glede over at datteren var kommet hjem igjen.

Preben og jeg giftet oss på høsten. Vi så lynt på framtiden. Nå var det fred, nå skulle vi bygge hus og vi skulle være med å bygge landet. Og vi var lykkelige, ikke minst fordi vi var kommet fra krigen uskadd og med helsa i behold.

Agnes Fjeldskår



Nils Vika og Preben Colstrup-Larsen



Agnes Hestenes besøkte barndomsheimen på Grutle i slutten av mai 2014, nærmere 91 år gammal. Foto B E Vika

Hausten 1945 gifta Agnes Hestenes og Preben Colstrup-Larsen seg i Hedrum kyrkje i Larvik. Men ekteskapet skulle ikkje vara så lenge. Preben tenestegjorde som telegrafist i Marinens Flyvåpen og omkom i ein flystyrt den 22.05.1946. Agnes var då gravid, og i januar 1947 fekk ho sonen Jens Preben.

Sommaren 1953 gifta Agnes seg med Laurentz Larsen, bror til Preben, og fekk to døtre, Reidun og Ann Margaret, med han. Laurentz døydde brått i 1961, og på ny var Agnes aleine.

Agnes budde med barna sine i huset til svigerforeldra fram til 1967, då ho bygde nytt hus. Ho hadde på den tida jobb i firmaet Fjeldskår i Larvik, og i 1973 gifta ho seg med sjefen i firmaet, Einar Fjeldskår. Ekteskapet varte til Fjeldskår døydde elleve år seinare.

Igen var Agnes aleine. Etter tapet av tre ektemenn seier ho at det er godt å finna styrke i gudstrua ho har. I tillegg er barna ei god støtte i livet. Agnes har no runda 91 år (2014) og med hjelp av heimesjukepleie og hyppige besøk av barna greier ho seg framleis aleine i huset ho bygde i 1967.

Nilsine Malene Vika vart fødd 21.12.2017 på Vika. Foreldra var Anton, frå garden midt i Vika-dalen, og Amanda frå Vestre Vika. Amanda døydde då Nilsine var omlag ni månader gammal. I ungdomen hadde Nilsine forskjellige huspostar. Då krigen braut ut, var ho rundt 23 år gammal. Etter kvart vart ho kjend med Agnes Hestenes frå Grutle som på den tida hadde huspost på Myrane på Vestre Vika. Då flukta med ”Nor” var bestemt, og tidspunktet nærma seg, tok Nilsine kontakt med Agnes og spurde om ho kunne tenkja seg å vera med. Det svara ho straks ja til.

Fluktplanane måtte ein halda skjult så godt det let seg gjera. Det var farleg å snakka om dette med folk etter som ein ikkje visste om dei var venn eller fiende.

Overfarten til Shetland er skildra av Agnes i teksten ovanfor.

Etter internering og avhør på Shetland, vart ungdomane sende til forskjellige stader i Storbritannia for å koma i teneste. Agnes og Nilsine havna i London. Nilsine hadde ein kjærast, Sverre

Vestrheim frå Holme, som var styrmann og skipper på D/S "Solhavn". Denne båten gjekk mykje på England på den tida. Dei greidde å få kontakt med kvarandre, og etter ei tid gifta dei seg i sjømannskyrkja i London.

Nilsine og Sverre fekk to barn i Storbritannia, Sverre Magnus og Astrid. Dei budde to år i London, så i Glasgow og Greenock. For Nilsine var omsorg for barna svært viktig i denne perioden.

I september 1945, etter at krigen var slutt, kom Nilsine og Sverre tilbake til Noreg. Dei bestemte seg for å byggja hus på Vika, og i 1949 stod huset klart på staden som vert kalla Labben. Nilsine og Sverre fekk i alt seks barn. I tillegg til dei to barna som vart fødde i Storbritannia, fekk dei barna Esther, Per Anton, Kjell og Nancy.

Sverre døydde i 1972, og store deler av tida etter det budde Nilsine aleine i det store huset sitt. Ved siden av omsorg for barn var hagestell og småfiske dei store interessene hennar.

I 2012 flytta ho til Bømlo Sjukeheim. Her budde ho den siste tida av livet sitt. I 2013 vart ho råka av slag og sterkt redusert, m.a. mista ho taleevna.

Nilsine Vestrheim døydde 17. 01. 2014, 96 år gammal. Den siste overlevande båtflyktingen frå krigen som framleis budde i gamle Bømlo kommune var dermed borte.

Nilsine Vestrheim og Agnes Hestenes var på sin måte brikker i det store spelet om eit fritt Noreg. Dei, saman med alle dei andre som valde å bidra i kampen for fridom i utlandet, fortener ei stor takk.

I tillegg til Agnes, lever framleis i 2014 éin person som flykta frå gamle Bømlo kommune under krigen. Dette er Jan Ottar Hermansen. Han flykta som liten gut saman med foreldra sine på "Kapp I" frå Espevær den 04.04.1942. Han bur i Arna ved Bergen og er 74 år gammal.



*Nilsine Vika og Sverre Vestrheim gifta seg i sjømannskyrkja i London hausten 1941. Foto frå Sverre Magnus Vestrheim*



*Nilsine Malene Vestrheim vart 96 år gammal.  
Foto frå Sverre Magnus Vestrheim*

Kjelder:

Kristoffer Bergtun: "Opplysningar om personar frå Bømlo som var ute under krigen 1940 - 1945

Kjell Birger Sønstabø, Jens Preben Colstrup, Sverre Magnus Vestrheim, Martin Magne Sørenes, Knut Vika, Stener Løkling, Leif J Vespestad, Elisabeth Larsen Skippervik, Gjert Gunnar Norennes, Anne-Solveig Eriksen.

# Boltar og fortøyningsmerke langs landet

Av Bernt Emil Vika

Då Olav Trygvason kom frå England i 995 med ein stor flåte for å krevja den norske trona, var Ådnamylet etter alt å døma staden der dei først fekk landkjenning. Ådnamylet, eller Bømmelhoek som hollenderane seinare kalla det, er sørspissen av Bømlo. Området her vert også gjerne kalla Ådno.

## Opphavet til Olavshoggjet

Frå Ådno ned mot sjøen er det dei fleste plasser bratt og ulendt. Somme stader er det glatt berg rett ned i sjøen. Omlag tre hundre meter innover i fjorden frå Ådnamylet finn ein Olavshoggjet, eller Olahoggjet som det også vert kalla. På denne staden er det ein spesiell formasjon i det glatte berget, og det er knytt ei segn til staden. Formasjonen er på ein måte ei hole som går inn i fjellet og kjem ut att nokre meter lenger borte. Det skal gå an å krypa gjennom denne hola. Opphavet til formasjonen, seier segna, skal vera omtrent slik; I året 995 kom Olav Trygvason over Nordsjøen frå dei britiske øyane med mange skip. Han hadde konvertert til kristendomen i England, og var på veg til Moster for å halda ei gudsteneste der.

Då dei kom til Ådnamylet, var mennene hans trøytte etter den lange turen, og ville leggja seg til å sova der for natta. Men i det glatte berget var det ingen stad å fortøya skipa. Olav Trygvason visste likevel råd. Han var ein svært atletisk og sterk mann. Han hadde eit sverd som vart kalla Kvernbitt som var så kvast at han med eitt hogg kunne kløyva ein kvernstein i to. Segna seier at han tok sverdet sitt og hogg i berget slik at det gjekk an å tre tauet gjennom, og skipa kunne fortøyast. Segna seier òg at det var så mange skip i Olav sin flåte at dei låg utanpå kvarandre

heilt over til Ryvarden. Dagen etter segla dei vidare til Moster, og i følgje Snorre heldt Olav messe i eit såkalla landtelt. Korleis det gjekk vidare kjänner vi til frå m.a. Mostraspelet.

Det å kunna fortøya ein båt kunne by på problem mange stader langs kysten før i tida. Eit vindskeivt tre kunne bli brukt viss det stod lageleg til, eller ein istransportert stein i fjæra. Det var kvisamt for seglfartøy å brukta ankeret etter som det var tungt å få det opp igjen. Sjølv om ein ankra, var det i alle hove ein fordel å kunna fortøya i land akter.

I segna hadde Olav Trygvason problem med å fortøya båtane sine her ved Bømlo. Hadde han kome 8 - 9 hundre år seinare hadde det vore betre tilrettelagt for han med fortøyningsboltar og lett synlege fortøyningsmerke mange stader her i distriktet. Han ville rett nok ikkje ha funne boltar langs Ådnalandet, men inne i vågar og sund hadde han hatt mange å velja mellom.



Olarshoggjet ved Ådno. Foto B E Vika

Rundt Bergen var ein tidleg ute med å plassera boltar ut for dei sjøfarande. I 1632 fekk befallingsmannen på Bergenhus ordre om ”*at lade istandsette de forfaldne Ringe paa Klippene ved Bergen*”. At dei no var forfallne skulle tyda på at dei hadde vore der ei stund, kanskje så lenge som 100 år. Ein må då gå ut ifrå at slike fortøyningsanordningar eksisterte allereie i seinmellomalderen. I alle fall er dei beskrivne av Olaus Magnus i 1555.

Strandeigarane langs kysten vart oppfordra til sjølv å setja opp boltar. Eigarane fekk då eit privilegium som gav inntekter, såkalla ringepenger, og boltane kunne tinglysast og pantsetjast. Praksisen med privilegier eller ”*Benaadninger med Ringer og Andet for de Seylende*” vart utstedt allereie under Christian IV, konge av Danmark-Norge 1588 - 1648. Det viste seg at det ofte var vanskeleg å krevja inn desse pengane.

Institusjonar og enkeltpersonar kunne somme stader få privilegium på heile strekningar av kysten. Desse vart etter kvart vanskelege å administrera, og utgiftene til vedlikehald oversteig inntektene.



*Fortøyningsbolt med ring.*

*Foto Svein Strand*

Resultatet var at mange privileger vart innløyste av staten for ein viss sum pengar.

På slutten av 1700-talet kom embetsvesenet sterkare inn i arbeidet med å leggja til rette for den veksande sjøfartsnæringa. På same måte som andre ”vesen” som t.d. eit organisert losvesen og havnevesen, vart ringvesenet til på denne tida. Ringvesenet la ned eit stort arbeid for å betra fortøyningstilhøva både for skuter under lasting og lossing og for skuter i vinteropplag. Ringar og boltar vart no synleggjort ved å mala kvite og svarte ”blinkar” i nærleiken.

På våre kantar melde behovet for å auka talet på fortøyningsboltar seg med den aukande fiskeflåten og den rike tilgangen på sild i 1850-åra. Store mengder sild seig inn til kysten for å gyta, og dette tiltrekke seg fiskarar frå heile Vestlandet. I Espevær vart folketale mangedobla i sesongen. I tillegg til dei mange fiskebåtane hadde fiskarane med seg lossementer, eit slags losjibåtar til å overnatta i. Sildeseglarar, saltefartøy o.l. var også ein del av flåten, så boltar i land var difor svært kjærkomne til gode og sikre fortøyningar.

I 1849 tok Fyrdirektøren til orde for at det burde setjast opp ei rekke ”*fæstigheder*” (boltar) på strekninga Rott til Brandasund. I alt 630 boltar skulle monterast i 79 hamner på denne strekninga. Boltane vart laga i fire storleikar, og som regel var det også ein jernring rundt bolten. Grunnen til det store talet på boltar var at det då ikkje var nødvendig for så mange båtar å fortøya i den same bolten. Ved store mengder tau i same bolten viste det seg at det var umogeleg å få løyst fortøyningane, og taua måtte kappast. Ein annan fordel med mange boltar var at båtane kunne liggja med større avstand til kvarandre og på den måten unngå skader i vind og sjøgang.

I mai 1869 la dåverande fyrdirektør C. F. Diricks saman med eit lite mannskap ut frå Christiania på inspeksjonstur med oppsynsskøyta ”Falken”. Diricks må ha vore glad i å skriva, for på turen skreiv han ei fyldig og til dels humoristisk dagbok om ”laust og fast” som skjedde på turen. Boka heitte ”*Dagbog holden ombord i Falken 1869 af C. F. Diricks*”. Uti juni månad var dei komne til Røver. Her hadde dei dårleg ver og Diricks skreiv;

”*Capital Storm. Veirfast i Røvær. Røvær er et stygt Fantehul, uagtet Hovedqvarteer for Vaarsilden og Opsynet*”.

Lenger nede i dagboka skriv han;  
 "Den 11te Juni. Nei, nei, dette er bedrøveligt!  
 - ja, det er sandt, vi have jo også i dag den  
 "bedrøvelige 11te Juni" - det tuder og hviner  
 fremdeles, nu på 3die Døgn. Jeg kan ikke  
 stikke Hovedet op over Dækket, uden at jeg  
 maa holde paa min Hat. Kun liden Fristelse  
 har man da ogsaa til at stikke Hovedet op.  
 Fjeldknatterne og Salterierne blive styggere  
 og styggere for hver Gang man seer paa dem.  
 Hrad der skulde forsone mig en Smule med  
 Omgivelserne, det er de mange Billeder af Tobias  
 Landskabsmaler, anbrakte paa mangfoldige  
 Steder her ved Harnen. Tobias har imidlertid  
 været for ensformig i Udøvelsen af sin Kunst,  
 til at hans Værker skulde kunne opvække  
 Interesse. Som Landskabsmaler Balche altid  
 malede Nordcap i Maaneskin, og ikke Andet end Nordcap  
 i Maaneskin, saaledes malede Tobias altid hvide Circler med  
 en sort Klat i Midten, og intet andet. - Han viser Sort paa  
 Hvidt for at han har været her - er saaledes let at controllere.  
 Hvilke Billeder Kunstkendere ville foretrakke, enten Balches  
 eller Tobias's, tor være uvist, men Sømand, fornemmelig  
 Kystfarere, ville sætte den Sidstes Præstationer uendelig høiere;  
 thi den hvide Flek med den sorte Prik viser, at her er en  
 Fortoiningsring; den viser for den Ukjendte, at her er Havn,  
 og den bærer Tilsagnet hos sig om, at Skuden her kan ligge  
 trygt. Hvor mange Fartøyer har vel ikke en saadan Ring frelst  
 fra Forlis og Undergang!"

Tobias var, ut ifrå dei opplysningsane ein har, ein av  
 mannskapet som hadde ansvar for å vedlikehalda dei  
 kvite og svarte ringane og mala dei opp. Difor vart  
 Tobias kalla "Landskabsmaler".

Sjølv om det ikkje har direkte med boltar og  
 festeaneordninga å gjera, tar vi likevel med litt frå  
 dagboka til fyrdirektør Diriks, om det han skriv når  
 dei passerer vest av Bømlo. Det er fornøyelag lesing.

Vidare om landligge i Røvær skriv han;

"Efterat jeg har begynt at bruge Kaminen, har jeg det meget  
 bedre; jeg sidder ikke længere og fryser med Pijekkert-Kraven  
 op over Ørene og Hatten paa Hovedet, men har det nu  
 hyggeligt og lunt".

"Løverdag Aften den 12te Juni. Tilankers ved Bækkekervig.  
 I feel very comfortable now - det brænder i Kaminen; to  
 Lys brænder paa Bordet; en Snadde brænder i Munden,  
 og et Glas Toddy ryger ved Siden af mig, det første Glas



Malt av "Tobias Landskabsmaler??". Foto B E Vika

paa denne Tour, dog ikke vestlig nok til at være en riktig  
 "Northwester". Under al denne Brænden og Rygen regner det  
 saa det plasker i Dækket, og blæser saa det piber.

Igaar Eftermiddag kom vi da endelig afsted fra Røvær;  
 Vinden havde aftaget noget, og vi lagde i Vei paa kryds og  
 tværs - svær Sø og svær Kulde - Tullupen paa. Kl. 9½ igaar  
 Afstes naaede vi endelig frem til Esperø, hvor vi ankrede.  
 Efter imorges at have været iland sammesteds hos Hr.  
 Staveland, en stor Mand i Bygdens Øyne, en stor Griis i  
 mine - afseilede vi igjen. Omtrænt ved Bremerholm kom to  
 halvvoxne Gutter roende ud til os for at tigge, noget som i  
 Leden søndenfor Bergen ikke er ualmindeligt, men som ellers  
 på vor lange - altfor lange - Kyst intetsteds finder Sted. Ilund  
 mødte jeg en skindbebroket Stril. "Signe Mote", sagde han,  
 "E Dokke drivande efter Sild?" Stril og Sild! uadskillelige  
 Væsener!

Under det gode sildefisket på 1950-talet var boltane  
 noko i bruk. Så kom dei store snurparane med  
 kraftblokk, og ingen hadde lenger bruk for boltane.  
 Ringmerka i fjellet næraast forsvann og boltane vart  
 tærté av rust.

Utpå 2000-talet var "blinkane" i ferd med  
 å forsvinna heilt. Nokre eldsjeler tok då  
 tak i problemet og sette i gang eit stort  
 restaureringsarbeid. I Langevåg-området var  
 det Svein Strand som tok seg av arbeidet, i  
 Bømmelhamn Egil Lodden og i Kallevågvågen Geir  
 Erik Strand.


Ei stor takk til dei som på privat initiativ og av rein  
 entusiasme held ved like desse unike kulturmimma  
 langs kysten.

# Daglegstove, naust og snikkarverkstad.

Av Einar Kallevåg

Me som er gamle nok hugsar godt tida då daglegstova vart nytta som både naust og snikkarverkstad, for ikkje å gløyma den gamle rokken som surra og gjekk. Stova vart nytta når garn skulle bøtast og vera klare til neste sesong. Når det var makrellgarn som hadde hatt invasjon av manneter og andre vederstyggeligheter, kunne det føra til nysekonsert i stova med mykje kløe i tillegg. Her vart teinekruner reparerte og nye vart laga. Her vart også nye teinespiler laga. Teinespilene måtte det godt handlag til for å laga, dei skulle vera tynne, elastiske og smidig robuste. Alle rivene skulle også setjast i stand til neste slotten. Brotne tindar skulle bytast ut med nye. Dei nye tindane vart som oftast laga av asketre. Kona i huset hadde ein annan funksjon. Ho sat som oftast i ei kro med rokken som surra og gjekk, men først måtte ulla sorterast, men den måtte ikkje få i seg spon og fliser frå teinespiler

og rivetindar. Når ulla skulle spinnast til tråd, vart det ofte ungane sin jobb å sørge for å brukka kardane og få ulla karda. Dette var også ein viktig jobb. Då tråden var spunnen, skulle den brukast til genserar, sokkar, vottar og andre intime plagg til både store og små. Den som verkeleg hadde det moro var nok katten som ikkje klarte å halda labbane borte når trådnøsta kom i bevegelse. Alt dette var ein god lærdom for barna. Det var faktisk ein god kunnskap som dei tok med seg vidare i livet. Dei fleste vart gode og dyktige samfunnsborgarar og klarte seg godt i livet med ein minimal skulegang. Felles lærdom for alle var at arbeid ikkje var farleg. Det var ofte reparasjonar av sko og stovlar, og nye toflegangar skulle på plass under det gamle overlæret. Men midt oppi det heile stod gudsordet sterkt og folk hadde meir omsorg for kvarandre. God jul!



Elias Kallevåg

# Litt historie om Vika

Av Sverre Magnus Vestrheim, 2014

Vi begynner å gå mot kommunekaien på Vika frå riksvegen. Ved vegen opp til huset til Sigurd Vika på høgre sida ligg nokre oppmurte steinar på nordsida av vegen. Dette er restane etter murane av et naust som stod der til ca. 1920. Vegen til kommunekaien vart bygd sør for naustet, mellom naustet og sjøen. Naustet høyrd til gard 44/11.

Så kjem vi til trappa på sørsida av kommunekaien. I steinen på austsida av trappa er hogd inn ein kross. Denne krossen er innslått av havnevesenet. Det er referansepunkt for høgdene på kaien. I enden av kaien mot sør ligg Splintakronå. Landnotbruket på Vika hadde ei gammal lossement-skøyte som dei kalla Splintå. Den låg vanlegvis der. Derav namnet Splintakronå.

Så har vi Sjåholmen. Før kaien vart bygd kunne dei segle med mindre fartøy mellom Sjåholmen og landet på nordsida.

Harald Skippervik, født 1914, sa at han såg hjelmdykkarar for første gang då dei bygde kaien. Kaien ble bygd for sildesalting, og det vart bygd eit stort rødt sildesalteri der. Ingvald Vika, brørne hans og mange andre var med på dette. I begynnelsen av 1920 åra gjekk dei konkurs. Sjøhuset vart rive og seld til Måløy. Kaien og arealet rundt vart overtatt av kommunen. Eigarane av nausta som står der no, kjøpte grunn av kommunen.

Vi held fram langs vegen til Vestre Vika. Steinura rett ned for vegen vert kalla Larsura. Kan hende hadde ein mann med namnet Lars teiner der? I nordre enden av ura er det ein heller innover i sjøen. Denne vert kalla Steffohola. Det var teineplassen til Steffen Berge, født i 1828. Ved hammaren rett nord for Steffohola rek eit av fiskefartøya til Karl Vika og brørne hans på land og vart vrak. Fortøyningane hadde slite seg. Det verste var at den var ikkje forsikra. Dei hadde ført forsikringa frå dette fartøyet over til eit anna som var i drift.

Rett mot nord ser ein så Fløytesholmen og Fløyte. Dei gamle sa alltid ”å floyna ein båt”, ikkje å fortøye. Sluppane låg fortøygde i sundet mellom Fløytesholmen og Fløyte, derav namnet. På nordsida av Fløyteshaugen er det murt opp ei trapp for lettare å koma på Fløyte. Namnet på bukta der elva renn ut vert kalla Elvosen, eller Vestrheimslandinga.

Naustet som her står på nordsida er ein grindkonstruksjon og skal vera bygd ca. 1750. Tidligare stod det eit naust på sørsida av dette naustet. Det var vanleg at kvar gard hadde to naust, eit til båtane og eit til reiskap. Det eine naustet her vart også nytta til torvhus. Gardane på Vika brukte Gisøynå i fleire hundre år til beite og torvskjæring. Die kjøpte Gisøynå i 1845 frå staten ved Svenskekongen. *”Vi Oscar, af guds naade konge til Norge, da gothers og venders, givet i Christiania den 21. juni 1845 etter hans majestets kongens nådigste befaling”.*

Når ein er komen til sørkanten av søråkeren, altså boen sør for huset, ligg ein jordkjellar oppe i austkanten. Ein må vera kjend, eller så ser ein han ikkje. Det siste han vart brukt til i 1920-åra var oppbevaring av dynamitt. Oldefar min, Sjur Vestrheim, balte med nydyrkning og sprenging av grøfter.

Nordaust for jordkjellaren ligg restane etter ein mur. Der var eit lite hus. ”Kristen-Peren”, Peder Holme, vart fødd der i 1885. Då han vart fødd, hadde dei ikkje klede til han. Han vart røyvd inn i sekkestrie.

Held vi fram nordover, kjem vi til nye husmurar, samt ein steingard rundt ein hage. Husmurane der kan vera for hus før 1830-åra då fellestunet vart oppløyst. Det siste dette huset vart brukt til var truleg smie for Vikagardane.

Rett nedfor låg løa. Den datt ned i 1974, men delar av steinmuren står.



Kart over Vestre Vikha og deler av Vika

#### Kartfesting av namn etc. som er nemnde i teksten

1	Naustmur	12	Gammalt naust ca. 1750	21	Gamle steinar Kvernhus
2	Kryss v/Harnevesenet	13	Jordkjellar	22	Stemmehaugane
3	Splintakronå	14	Gammal husmur	23	Utefjos-murar til Heddene
4	Sjåholmen	15	Kristen Per'n	24	Husmannsplass
5	Sildesalteri	16	Husmurar	25	Lisbeth-hidleren
	Kommunekai	17	frå før 1830-åra	26	Aslakhaugen
6	Larsura	18	Gammalt hus	27	Grunnstainar til torvhus
7	Steffohola	19	Gammal sjåtuft	28	Gravplass
8	Floytesholmen	20	frå før fellestunet	29	Torvhidler
9	Floyte		Eldhus	30	Murar naustgrunn
10	Trapp		Kvernhus-murar		
11	Vestrheimslendinga		Kleshola		
	Elveos				

Den eldste delen av våningshuset er minst frå 1798. Det står inne i stova på ein bjelke. Huset vart ombygd i 1880-åra. Ein del av tømmeret kom frå nedrivne saltebuer på Gisøynå. Det ligg framleis salt utanpå bjelkane.

Nord om huset står sjåen. Den vart bygd i 1920-åra og vart kalla nyesjåen. Den gamle sjåen stod på toppen av Sjåbrekka, rett sør for Engevik sin hytte. Den var frå tida til fellestunet (1830-åra). Gras som vart slått på Bøen på Gisøynå vart tørka her.

Der reiskapshuset står i dag stod det eldste huset på Vikagarden. Den siste som budde der var Borni Engelsdatter som døydde i 1844. Huset vart brukt til sauehus og hestehus. Det var to rom med gang i midten. Huset vart rive i 1960-åra. Det var plukkrote. Vi har framleis eit blyinnfatta glas frå huset med årstalet 1747 påmalt inne i glaset.

Eldhuset på nordvestsida av elva er også veldig gammalt. Det har grue og tørkeplass for korn ved siden av. I botnen i austkanten av grua er det kanalar der varmluft kunne koma under kornet og tørka det.

Frå huset og sørover langs lia går ein gammal veg opp til Hammaren. Der oppe hadde dei potetakar og slåtteteigar. Det ligg steinar rundt åkrane. Der er også steinformasjonar som tyder på at det har vore bygningar der. Vegen frå Vikadalen for folk og fe går også over der.

Området ovanfor hovudhuset mot Hedne er fullt av store hellerar, samt steinmurar som må vera hundrevis av år. Sannsynligvis har det budd folk der sidan steinalderen. Overalt kor en spar på Vestre Vika finn ein grönstein i ein eller annan form. Grönsteinsreiskapar som er innsende til Bergen viser at det er same sort som i Hovlandshagen.



Garden Myrane på Vestre Vika



Vestrheims-tunet på Vestre Vika

Vi følger elva opp til fossen, der det før stod to kvernhus. Det siste kvernhuset ble rive under krigen. Ein av eigerane mangla ved. Litt lenger opp i elva mot Myrane kjem vi til Kleshola. Sommarsdagar med lite vatn på Hedne var hednefolka der og vaska klede. Rekkjevegen frå Hedne gikk også der over steinbrua til utmarka. Elva vart flytta litt vestover og gjort djupare for å senka vatnet då dei dyrka opp Myrane.

Held vi fram til enden av elva der ho går ut i utmark på Myrane, kjem vi til staden der den første kverna på Vika stod. Dei øvste steinane i elva

skal ha vore under kvernhuset. Haugane vestafor heiter Stemmehaugane. Dette viser at området vart nedstemt for å få mest mulig trykk på vatnet for maling av korn utoptå hausten. Det kom folk frå heile Bømlo for å male på kvernane. Folk frå Eidesvik hadde med seg ved for å lage mat medan dei malte kornet. Eldhuset vart brukt til det.

På sørsida av innmarka på Myrane går Geila. Det er vegen som hednefolka jaga dyra til utmarksbeite. Utfor garden ligg murane til utefjosen deira. Held vi fram nordover langs Bjørkefjellet, også kalla Vikafjellet i gamle papir, og går gjennom grinda mellom Vika og Tjong, kjem vi om litt til nokre gamle husmurar. I 1860-åra var det ein husmannsplass der stor nok til å fø ei ku. Gutane på plassen var veldig flinke å skeisa. Om vintrane skeisa dei på elva frå Heiane og like til sjøen. Seinare emigrerte dei til USA.

Husmannsplassen vart etablert av presten Hertzberg for å få folk til å fø seg sjølv og ikkje gå rundt på bygdene for å tigga, slik det var vanleg på den tida. Dei fekk litt økonomisk hjelp til å koma i gang med drifta.

Vegen frå Hedne til Myrane vart bygd av kommunen, såkalla nødsarbeid i 1930-åra. Folk hadde ingenting å leva av. Difor sette kommunen i gang forskjellige tiltak. Geila frå Hedne til Myrane går forbi ein djup heller, kalla Sauahidleren eller Lisbeth-hidleren. Lisbeth, gift med Kristen Holme, var søster til Nils Hansen Vika, fødd 1851. Ho hadde potetene sine lagra under helleren der.

Går vi nordvest frå snuplassen ved elva, kjem vi til Stemmegardsleiet, grinda til utmarka. Til venstre er det ei grunt tjern, Leirmyrå. Dette er ei myr som er utspadd. Gardbrukarane på Vika spadde jord her til å ha i åkrane sine. Ved å fornye jorda kunne dei ha same åkrane i mange år.

Vi følgjer traktorvegen til neste grind. Rett aust er det en haug kalla Aslakhaugen. Her hadde Aslak en liten potetåker. Han var frå Telemark og arbeidde rundt om på gardane for folk. Dei siste åra budde han på Holme i Fattighuset, Aslakstuen, Helene-stova. Han sa en gang at han skulle til Nilsane på Vika og arbeida. Der fikk han eta seg mett. Dette var ca 1913.

Langs vestkanten av Aslakhaugen er det funne store mengder grønsteinsavslag. Gjennom arkeologiske utgravingar er det funnet 1 grønsteinsøks, 3 emne, 2 slagsteinar, flint og grønstein. Buplassen er datert til steinalderen. Funnstaden ligger 8-10 meter over havet. Funnet viser på mange måtar likskap med Vespestadfunnet.

Aslak døydde då den nye gravplassen på Vika var klar til bruk. Han var ikkje ”fin” nok til å vera den første til å bli graven der. Difor vart han graven på den gamle gravplassen på Haktønnesletta på Vestre Vika.

Ned i dalen sør for Aslakhaugen ligg nokre murar etter gamle utefjosen til bruk nr 1. Vestafor der ligger ei løe som vart bygd i 1920-åra. Under løa var det plass til dyr. Bakkane rundtom der vart dyrka opp i 1920-åra. Bømlabanken gikk konkurs. Dei som hadde pengar i banken fekk berre ut pengar til lønningar til arbeidsfolk. Oldefar min Sjur Vestrheim hadde folk i arbeid med oppdyrkning over fleire år. Han nytta pengane sine godt.

Går vi vestover til leet til utmarka, kjem vi til ei utspadd torvmyr. I austre kanten ligg nokre steinar oppå kvarandre. Desse er sannsynligvis grunnsteinar til et uthus, kanskje et torvhus. Følgjer vi stien vidare, kjem vi til den gamle gravplassen. Den var i bruk frå ca. 1845 til 1914. Dette var gravplass for Husa, Holme, Tjong, Berge og Vika. Folk frå Espevær skal også vara gravlagde her. Når gravferdene frå Holme runda Vikaneset, begynte folk i gravferdsbåtane å synge gravferdssalmar. Dei rodde inn til Melkevik og bar kistene derfrå til gravplassen.

Under jernlokket over gravene til jentene Magdalena og Berta Vestrheim, skjulte folket på Vestre Vika radioen under krigen. Desse jentene drukna under bading i 1901. Dei vaksne skulle kvile middag og ungane gjekk for å bada. Berta Vika var med på badeturen. Seinare bada ho aldri i sjøen.

Tilbake til Melkevik. I øvre kanten er en stor heller. Der lagra bøndene torv som dei seinare skulle føra heim med båt. Opp langs myrane er det lagt steinar som fungerte som veg for dragsledar med hest om vintrane. Heilt nede ved sjøen på austsida ser en omriss etter naustgrunnar, sannsynlig fleire hundre år gamle.

Tilbake til Vika, så gikk rekkjevegen frå Vikadalen, bruk nr. 11, frå den røde løa i Vikadalen vestover over Hedne til utmarka. Den kom ned ved Vestrheimhuset, gikk over elva, følgde geila via Tre til utmarka. Rett utanfor innmarka låg utefjosen. Vi kan i dag sjå murane søraust for Leirmyrå. Litt lenger nord er murane til utefjosen til gard nr. 3, bruket på austsida av bruk nr 1. Rekkjevegen deira, geila, gikk frå løa og nordover til utefjosen.

Det var og ein tredje rekkjeveg som gjekk frå den røde løa i Vikdalen, men denne gikk først nordover og så vestover. Denne vart kalla Plommerekke fordi den gikk langs ein plommehage. Hagen er innhegna med ein steingard, sannsynligvis fleire hundre år gammal.

Rett aust for hagen, fem-seks meter frå muren i skifta til gard nr 12 er det oppmurt ein mur av store steinar. Dette er truleg ein gammal grunnmur til et hus. Hagen og eldhuset er det einaste som er igjen av dette gamle tunet.

Det gamle våningshuset til Nils Vika, fødd 1833, stod der løa står i dag. Løa hans stod nordom våningshuset oppe på haugen, Gamlaløhaugen. Grunnmuren på nordsida står enno, den er skiftelinja til naboen. Gamleløa vart i 1820 brukt til kornløe for gamle Vikagarden. Fjosen og løa stod omrent der vedhuset til Dagmar og Ragnvald Skartveit står i dag (2014).

I Tresvika står sjøhusa til bruk nummer 3. Det eldste vart bygt av Henrik Vika født i 1770, død 1860. Det andre vart bygt av son hans, Andor Vika, 1814-1887. På bakkene mellom disse nausta og naustet ved Elvosen, Vestrheimsnaustet, hadde Sjur Vestrheim gamle tonner med fiskeavfall som stod og lakk og gjødsla bakkene hans.



Familiebilete frå ca 1907 på tunet på Vestre Vika. F.v. Nils, Amanda, Henrik, Nils (far), Brynhild (mor), Berta, Anna, og Kristian. Steinar er ikkje med på biletet



Rigmor og Nils Vika var to av få fastbuande på Vestre Vika i nyare tid.

Foto frå Norvald Vika

Dei gamle husmurene er svært fint oppmurte. Dei vart murte av folk som var på legd. Det var folk som gikk frå gard til gard og arbeidde for maten og tak over hovudet. Dersom dei ikkje var i stand til å gå sjølv, vart dei borne frå hus til hus for så og så lang tid. Dette var aldersomsorga i eldre dagar. Dei som ikkje hadde vilkår, hadde det ikkje lett. Vilkår var at den yngre generasjonen overtok garden mot at foreldra fekk årlege ytelsar som mjølk, kjøtt, poteter og brensel som torv og ved.

Rundturen på Vestre Vika sluttar her.

# M/S “Bømmelfjord”

## Av Einar Kallevåg

**Bygd ved Smith's Dock Ltd i Middlesbrough,  
England 1928**

**Ombygd i 1953 ved Gravdal, Sunde i Kvinnherad  
Tonnasje: 268 br.t. 108 n.t. 1953**

**Motor: 480 Hk Wichmann 1953**

**Kallesignal: LCBF (etter 1934)**

Hausten 1952 vart fartøyet seld til Mathias P. Eidesvik, Simon Eidesvik, Peder P. Eidesvik, Odd Breien og Berge Sag og Trelast, Ølen, for kr 150.000. Berge Sag selde sin part til dei andre eigarane allereie før båten vart ombygd.

Fartøyet fekk installert ein ny 6 AC 480 Hk Wichmann. Det var den største typen AC som var levert så langt.

Etter ombygginga vart “Bømmelfjord” brukta av Wichmann Motorfabrikk som utstillingsfartøy i København. Båten var då ein av kommunen sine finaste båtar.

“Bømmelfjord” vart rigga med doryar og snurpenot. Eigarane av bruket var Mathias P. og Mathias L. Eidesvik, Hans Tvedt og T. Kyvik, Haugesund.

“Bømmelfjord” svevar høgt oppe på resultatlistene på Island og norskekysten. Båten hadde ein lastekapasitet på 300 hl sild.

I 1954 var “Bømmelfjord” klar for å gå på vintersildfiske. Diverre tok dette eventyrlege sildefisket slutt, og i 1959 vart båten seld.



*Mannskap på M/S “Bømmelfjord” på 1950-talet. F.v. Johan Pedersen Eidesvik, Mathias Eidesvik, Odd Breien, Peder Eidesvik, Mathias Pedersen Eidesvik, Knut Froestad, Andreas Strand og Lars Vika.*

*Båten ein ser deler av er M/S “Bømmeløy”. Foto fra Martin Eidesvik.*

For meir detaljert informasjon viser eg til båtboka  
“Fartøy til Fiske og Frakt”.

Dette er som eit jubileum, i år er det 60 år sidan  
denne staute skuta for første gang gjorde seg klar for  
sildefiske.

Mannskap på “Bømmelfjord” i 1954:

Skipper: Jens Eldøy, Stord

Bas: Simon Eidesvik

Maskinist: Lars Vika

Assistent: Peder Eidesvik  
Bestmann: Johan Pedersen Eidesvik  
Slingremann: Knut Froestad  
Fiskarar: Johannes Lodden, Alfred Vespestad,  
Alfred Kallevåg, Artur Vestvik,  
Thomas Vestvik, Edd Hovland,  
Knut Steinsvåg, Mathias Solheim,  
Karl Skiftesvik, Lars Tjong, Osvald  
Korneliussen, Simon Nesse, Bernt  
Arne Eidesvik.



“Bømmelfjord” håvar inn sild. Bas Simon Eidesvik styrer bommen. Foto frå Lars Inge Vestvik



Lars Vika i maskinen.  
Foto frå B E Vika



“Bommelfjord” på fiskefletet. Foto fra Lars Inge Vestrik



“Bommelfjord” i Haugesund. Foto fra Lars Inge Vestrik

# Gammalt biletet frå Espevær



Dette gamle biletet er tatt i Blekronå på Espever rundt første verdskrig. Lystbåten i front er fra Nodre Løkkingholmen. Vi manglar eitt namn og er usikker på eit anna. Vi ber lesarane av Leidarstein om hjelp med dette. Ring 97520482.

Rekkja lengst frå kameraet f.v.; Lars Nysæter, Thomas Helgesen, Andreas Løkkingholm, Gustav Løkkingholm, Dagmar Svartefoss,

Jørgen Løkking, Kristine Knutsen Geitung, ukjent, Marie Nysæter, Bård Løkkingholm.

Rekkja nærest kameraet f.v.; Ola Sele, Alfred Løkkingholm, Beate Olava Sele, Sofie Nysæter, Olava Geitung, Rasmus i Myra?;, Katrine Paulsen, Gunnvald Løkkingholm, Bergit Paulsen, Gustav Andreassen Uren. Foto frå Stener Løkking.

# Frå avisarkivet

Under denne overskrifta vil Leidarsteidn, i samarbeid med Bømlo-nytt, presentera utvalde artiklar frå dei første åra lokalavisa eksisterte, og då først og fremst artiklar frå sordelen av kommunen.

Bømlo-nytt kom ut for første gong hausten 1973, og lokalhistorikar og bygdebokfattar Kari Shetelig Hovland var i starten avisa sin korrespondent på søre Bømlo. Denne artikkelen skreiv ho til julenummeret i 1973, altså for 41 år sidan. Det er såleis over 100 år sidan den omhandla handleturen med dei to Vespestad-jentene.

## Eit 60 år gammalt juleminne

Tidleg julekvelds morgen vakna Brita på Vespestad, 9 år gamle jenta. Det var mørkt, men hu kveikte på lampen, og tok til å klæ seg med eingong. Plagg for plagg låg fint tilrettes på stolen framfor senga: ullbolen, det kvite linetet som hu sjølv hadde hekla border til, bomullslivet med knappar og sokkaband, så var det dei svarte, lange, påspøta stavasokkane, vadmålsunderbuksa som skulle både kneppast og knytast, og den mørkeblå utanpå med strikk oppe og nede, så kom understakken og den brune ullkjolen og det stripete helforklet med rynkeknapper. Brita kjemde seg og batt to raude sløyfer i dei lange, tjukke flettene. Tilslutt stakk hu armane i den nye golfjakka, som besta hadde spunne tråden til og farga med indigoblått. – På kjøkenet brann det koselegt i komfyren, og lukta så godt, for mor heldt på og steike brød. Men Brita fekk mest ikkje tid til å eta, før hu såg Lisa utfor glaset. Dei to hadde gjort lag og skulle til Sahlhuset på julehandel.

Det var klårt måneskinn og frost, eit tynt snølag over holka. Idag kom dei vel førstemann til Sahlhuset, klokka var berre halv 8. Dei bar på kvar si store lokkekorg med hank, og hadde fått kvar sine 50 øre til å handla for. Dei hadde nett like matrosluer, på den eine sto det «Bergensfjord», på den andre «Den Kgl. Norske Marine». Dei skreinte på dei glatte treskorne sine, og kava og datt og lo. Vegen gjekk ned i Vespestaddalen og opp til Voll, og krøkte seg vidare fram frå tun til tun. Torvroyken krulla seg beint tilværs frå skorsteinspipene, og det var fullt ståk i kvar ei stove. Nokre jenter gjekk med vassel ifrå kjelda. I eit eldhus var det bakstesjau, fleire koner kom med knå og ville steikja kakene på same hella. Og det small øksehogg frå vedaskuten.

– Fleire samla seg medkvart på vegen innover. Gutongane flokka seg ilag, dei hadde knebukser og skyggeluer og bar på store vadsekkjer. Vaksne karar kom stampande i tunge treskostovlar, med kvite kveitemjølsekkjer under armen, sume hadde gje gjennom Vespestadhagen og kom heilt frå ytste Kalavågsneset.

I krambua sto kjøparane tett som sild i tunne, og ikkje nokon fraus, det surra godt i omnen, og parafinlampene lyste gult i taket. Benken under glaset var fullsett med mannfolk, dei skroa og togg og sputta i den runde sputtebakken midt på golvet. Bak disken sprang Jørgen og krambusdrenge, vog opp gryn og sukker, fann fram lampaglas og pussepomade og kaffirot til å drygja kaffien med, dei tappa sirup frå tunna i flasker og spenn, og mælte opp parafin frå fatet uti gangen. – «No kjem båten, me ser lanterno», ropa dei høgt, og i det same flytta dampen. Då for dei ut dørane i ein feidrei alle mann, og bort på kaien for å sjå ka som kom i land.

Ved bryggekanten låg alt færinger frå Andal, Tollevik og Hjartnesvågen. Og der kom Kaia i posten roande over vågen. Dampen seig nå inn til kaien, strålande av ljós og fest. Nokre reisande frå byn kom over landgangen. Og du hendelse ka varer, brødkassar og postsekkjer som skulle på land. – Posten bar dei inn i huset, der sat Kaia og fru Sahl ved stovebordet og sorterte, medan kjøkenet var fullt av folk som venta. Aviser og blad, Brita fekk «Visarguten» frå Amerika, og «Børnetidende». Og nydelege julekort med glans, austerlandske vismenn i fargerik bunad, englar med gull på vengene. «Glædelig Jul og et riktig godt Nyt Aar ønskes Dere».

Når nå alle ferske godsaker var borne inn, og

brødkassene sto på krambugolvet, begynte sjølve julehandelen. Da gjaldt det om å disponera pengane. 6 sprø og lekre Bergenskringlar fekk du for ein 10-øring, men så var det mykje anna og som høyrdie dagen til, julegeiter (vørterkaker), krotakjeks, dei store månane (kveitebollar) med rosiner på, julemenner og julekoner. «Eg skal ha for 5 øre i kandis». «Eg skal ha for 2 øre i drops». Og Jørgen skjente over all den tesinga av desse ongane, men han fann opp i posar og kremarhus, det var reint utruleg kor dryg ein 5-øring kunne bli på julekvelden.

Ja, kundane var som til gjestebods på Sahlahuset idag. Her stappa dei fritt i pipene sine frå tobakksboksen på diskjen, eller skar seg ei skrå. Dei vart bedne inn i stova på ein juledram, og fekk eit julebrød i gave til kvart hus. Og borna måtte koma inn på kjøkenet og få «forundringsposar». Brita og Lise gjekk heim med korgene fulle. Men ennå var dei ikkje ferdige til høgtida. Dei skulle gå «på husene» til slekt og naboor med julekort. – Og så, i skyminga, vart alle ljosa tende. Det var tjukke, heimastøypte talgaljos. Her skulle brenna ljos i kvart eit rom på julekvelden.



*Handelsstaden Zahlahuset rundt 1907. Foto frå Per Arne Lønning*



*Inger Zahl (Fru Zahl) dreiv Zahlahuset i mange år.*



*Jørgen Hovland var handelsbetjent på Zahlahuset.*



Parti fra Espevær

Gammalt postkort frå Espevær  
Foto frå Rolf Nesse

Biletskanning og formgjeving: Bernt Emil Vika  
Trykkeri: Leirvik Trykkeri AS  
Opplag: 800 eks.